Den store oppgåva i norsk i tredjeklasse – særemnet, eller *fordjupingsoppgåva* som det heiter i Kunnskapsløftet – kan faktisk vere ein opptur, ja, rett og slett interessant og lærerikt, er nokre av tilbakemeldingane. Det spesielle er at tredjeklassingane får sjansen til å kombinere faga norsk og religion og leite med lykt og lupe etter spor av livssyn i film. Mange vel å fokusere på kristne trekk, men også andre livssyn er framme. Tre av årets russ snakkar gjerne om sine erfaringar. Lars Rugland Aarseth fokuserte på å finne spor av ateisme i filmen "Det gyldne kompasset", medan Benedicte Middelthon og Magnus Skretting Helvig såg etter spor av kristendom i høvesvis "Ringenes Herre" og "Narnia – Løven, heksa og klesskapet".

Ser film på ny måte

Det er ei kjent sak at mange ungdommar ser mykje film, og tanken om at dette berre er underhaldning ligg langt framme i hjernebarken. Har arbeidet med oppgåva endra måten de ser film på?

- Eg er mykje meir bevisst på at det ligg noko bak, og at filmen har ein bodskap, seier Magnus.

- Det kjem fleire tankar enn før medan eg ser. Plutseleg kan eg reagere på noko som vert sagt. Ei setning kan vise at det er noko bra i denne filmen, men ei setning kan også øydeleggje. Eg ser litt fortare det som er meir skjult. Eg var førebudd på kva som ville møte meg i min film, men det kule var at eg fann meir for kvar gong eg såg han. Til dømes er lys og lyd lagt til for å setje eller endre ei stemning, og det er spanande å sjå korleis det verkar inn på det inntrykket sjåeren får, meiner Lars.

- Kristendommen har ein moral vi er vane med, det er vår kristne moral, og det gjekk opp for meg kor mykje kristendom vi kan finne i film om vi leitar etter det, seier Benedicte. Eg jobba med "Ringenes Herre", og forfattaren, J.R.R.Tolkien, har tydeleg uttalt at teksten hans ikkje skulle vere ei kristen forteljing. Men det kristne livssynet hans prega likevel det han sa og laga, så eg vil påstå at livssynet vil skine igjennom uansett. Eg vart overraska over kor mykje eg faktisk fann i filmane eg undersøkte. Magnus er blitt meir obs på kva han ser.

- Tv-serien Paradise Hotel er ikkje like gild når ein faktisk tenkjer over kva ein ser. Difor har eg slutta å sjå han. Eg vel nok ikkje vekk alt med därlege verdiar, men eg er meir obs.

Ord og handlingar viser livssyn

Tredjeklassingane har vore på seminar og fått god opplæring i å finne spor av livssyn i film, anten dei skal sjå etter kristne verdiar eller eit naturalistisk men-



Benedicte Middelthon tilrår neste års russ å velje eit emne dei interesserer seg for.



Magnus S. Helvig som "emo" for ein dag. Alt for ein knute i russelua.



Tre rödruss, frå venstre Magnus, Lars og Benedicte, tok seg tid mellom heildagsprovar, undervisning og russekunutar til ein drøs om *fordjupingsoppgåva*.

neskesyn. Margunn Serigstad Dahle frå Mediehogskolen Gimlekollen og Damaris, som i fleire år har hatt tematimar på alle klassetrinn om påverknad frå film, hadde to gode undervisningsdagar i januar. Teknikken går ut på å finne livssynsspor gjennom det rollefigurane gjer og seier.

- Dessutan må ein sjå filmen nøye og legge merke til detaljar som kan vere frampeik. Småting kan verke ubetydelege, men det er ein grunn til at noko skjer på akkurat den eller den måten, forklarer Magnus.

Emnevalet


Kva la de vekt på i valet av emne?

- Eg ville jobbe med noko som streid imot mi eiga mening, for eg synest det då er lettare å sjå det som skurrar litt. Kanskje kunne eg lære litt og finne ut kva ein faktisk kan seie og argumentere imot det, oppgir Lars som grunn for å velje ateisme til oppgåva.

- Lars valde noko som streid mot hans eige livssyn, men eg har ikkje så mykje tyngde i kristendommen som han, og ville heller lære meir om mitt eige, seier Benedicte. "Ringenes Herre" er jo tre lange filmar, så her var mykje å ta tak i og mange spor av kristendommen.

Magnus bestemte seg for Narnia-filmen før han hadde sett han.

- Eg hadde berre hørt at filmen var grei, og for meg var det viktig å ha ein film eg ikkje mislikte når eg skulle jobbe med han i så mange timer. Men det var eit stort



Lars R. Aarseth valde film og livssyn på tvers av eigne meininger.

arbeid, og eg ville ikkje gjort det om att, innrømmer han.

Gullstunder

Særemneperioden er travel og intens for lærarane òg, med mykje rettleiing og mange emne, filmar og bøker i hovudet på ein gong. Men i februar vert arbeidet krona med mange gullkanta framføringer og skikkelege gledesstunder. Mange har funne ut veldig mykje interessant og får verkeleg vist det fram.

- Når vi skal ha framføring for heile klasse, skin det fort igjennom om vi ikkje har jobba med stoffet, kommenterer Benedicte. Kommande tredjeklassingar må velje å jobbe med noko interessant. Og ei tverrfagleg oppgåve i norsk og religion betyr ei oppgåve mindre i religion. Tryggheim har ei føremon framfor andre med dette opplegget, meiner dei tre.

Truleg har dei fått djupare innsikt i både filmverda, livssynet og seg sjølv, og går endå sterkare rusta ut til livet etter vidaregående.

Bjørg Topnes

Lur, reflektert og morosam

- Kven er du?

- Ellen Tveteraas..., du kan jo få lov til å beskrive meg med tre ord, for eg har problem med å kome på tre dekkjande ord om den store og fyldige personlegdomen min. Ord vert fattige.

- Den sjansen vil eg ikkje la gå ifrå meg, så eg bruker dei som tittel. Så får du høve til å bekrefte inntrykket, meir indirekte, gjennom intervjuet.

- Kvar kjem du frå?

- Kvitsøy

- Er det ikkje skremmende å bu på ei forblåst øy langt uti havgapet, utan straum og reint vatn?

- Eg får ofte det spørsmålet, men oftast i ei litt grovare, platt og lite gjennomtenkt utgåve – din variant var elles veldig god og velformulert. Då vil eg gje deg mitt standardsvar: Me har redningsvest og båtar.

- Takk for utfyllande svar.

Du har gjennomført ei tverrfagleg fordjupingsoppgåve i norsk og religion i år, korleis var det?

- Det var veldig spennande, men og litt småskremmende då eg fann ut at Haus (religionslæraren) las den same boka som meg.

- Kva valde du å fordjupe deg i?

- Eg las ei bok av Albert Camus som heiter Opprøreren (1958). Det er eit filosofisk essay som handlar om det åndelege opprøret i Europa frå i hovudsak den franske revolusjonen (1789-99) og til 1950-talets kommunisttid.

- Kvifor?

- Eg ville ha noko tankemessig utfordrande, så det ikkje skulle verte keisamt og overflatisk. Så fekk eg tips om boka av Torleiv Haus. Slik det vart no så måtte eg fordjupe meg og ta i bruk mykje kommentar-verk og artiklar om forfattaren og boka for å få ei djupare forståing av kva det dreidde seg om. I samband med det vil eg sende varme tankar til dei fantastiske bibliotekarane i Stavanger. Viss alt går drit her i verda, så skal eg bli bibliotekar. Eg digge dei folka.

- Forstod du sjølv kva det handla om?

- Ja, det får me håpe. I starten heldt eg på å dø, då eg fyrste gongen sette meg ned med boka. Eg fekk to val, var seint ute, og den andre boka hadde dei ikkje, så då fall "valet" på Camus. Det er eg glad for nå i ettertid, men eg hadde ikkje peiling på kva eg gjekk til.

- Kan du utdjupe kva boka handlar om?

- Det handlar om konsekvensane av at menneska har valt å ta meir og meir avstand frå Gud. Boka startar med at kongen, Ludwig XVI, Guds representant på jorda (slik vart den absolutistiske kongemakta grunngitt), vert drepen. Drapet og opprøret ser Camus på som ein konse-



kvens av eit føregåande metafysisk opprør, der ein ny sjølvrådig tankegong har vunne fram, og nedbrytinga av Gud som autoritet i tanken får konkrete, historiske utslag. Dei trudde dei skulle verte frie, men vart i staden berre bundne til nye autoritetar, førarar, ideologiar og diktatorar. Camus går innom fleire kjende filosofar og viser korleis tankane deira både er styrt av tidlegare feilslutningar og samstundes blir grunnlag for seinare folkemord, opprør og overgrep, hovudsakleg på 1900-talet. Camus var sjølv humanist, men poengte sterkt at når Gud forsvinn ut av etikken, så forsvinn også rett og gale som gitte, meiningsfulle omgrep, så som meininger med livet og konsekvensane av det livet du lever. Han fokuserer ikkje på seg sjølv i boka, er ikkje opptatt av å proklamere sitt livssyn beinveges, men om du leiter finn du livssynet hans. Han konkluderer ikkje, men viser gjennom boka at eitkvar opprør mot Gud vil ende opp i nihilisme (verdiløyse).

- Kva sit du att med?

- Eg sit att med eit anna syn på historia, mykje ny kunnskap, eg ser litt annleis på verda etter å ha lese ei slik bok, for ho viser til samanhengar som eg ikkje har sett før. Ein vert meir bevisst på korleis ein tenkjer og på kvifor ein ikkje tenkjer annleis. Eg lærte mykje apologetikk (trusforsvar), sjølv om forfattaren ikkje var ein kristen. Når eg ser dei forskjellige livssyna og ideologiane, vert eg merksam på kor forskjellige syna på verda og verdiane er.

- Fekk du reaksjonar frå medelevar på oppgåva di?

- Jaal... (latter) eg fekk mange stygge blikk, nei då – dei tenkte nok: Kva er det eigentleg ho held på med? Eg trur me var tre stykk i rommet som forstod kva eg snakka om under framføringa, og to av dei var lærarar. Men eg trur dei er glade i meg framleis, og at eg framleis er det naturlege

midtpunktet for alle i klassen, seier Ellen audmjukt.

- Har noko av dette bruksverdi?

- Absolutt! Kvar dag! Det kan brukast til å setje kunnskapslause folk på plass og fjerne vrangførestillingar frå ymse unyttige og verdilause livssyn.

- Har du ei oppfordring til neste års 3.-klassingar, i samband med fordjupingsoppgåva?

- Vel noko dei er interessert i og som kan verke spennande, for det er ganske mykje arbeid. Då vert det ikkje så fort eit ork.

- Framtidsutsikter? Kva kan du tenke deg å bruke livet til?

- Eg vil bli journalist, skrivande journalist, eg vil informere, kommentere og vurdere. Eg ser opp til mäten Oriana Fallaci (kjend journalist, død 2006) gjorde jobben sin. Ho konfronterte det ho såg på som gale og urettvist og gjorde mykje for å avdekke vrangførestillingar og falskneri.

- Kor går veggen til journalistikken?

- Fyrst skal eg på L'Abri Fellowship i England, det er ein bibelskule som er lagt opp litt annleis enn vanleg, med vekt på samtale, lesing og diskusjon. Det gler eg meg enormt mykje til. Etter det vil eg studere historie, helst på Princeton i USA, fordi dei har ei knallgod historielinje, og så har dei ei svært god finansieringsordning. Går det riktig godt, kan eg økonomisk kome ut i pluss etterpå. Så har eg og lyst til å bruke nokre år i Israel og lære arabisk, med tanke på Midt-Austen-journalistikk.

Eg har eit ønskje om ikkje å busetje meg i Noreg, men viss eg mot formodning skulle hamne her, vil eg bu på Kvitsøy. Viss eg i framtida skulle stå oppført i folkeregisteret med adresse Kvitsøy, kan du slutte deg til at eg har blitt bibliotekar og at ting ikkje har gått heilt etter planen.

Knut Handeland

Bjarte minne

[bjart (adj.) frå norrøn. lys, klar]

Russetida, denne tida då alle tredjeklassingar skiftar farge og ham, har kome over oss dette året også. Presidenten himself, den sindige halsalendingen Bjarte Foseide, er klar for sjarmøretappen i Tryggheimhelsing.

- Først, Bjarte, korleis hadde det seg at nett-opp du vart president?

- Noko tilfeldig at det vart meg, påstår han tilsynelatande medfødd småålten. Han vann over motkandidaten med ei einaste avgje-rande röst, så kampen om presidentittelen var nokså skjerpa, men det sto altså berre mellom to kandidatar.

Med ein artig kombinasjon av det sindige og ambisiøse, skildrar han vegen til president-stolen i udramatiske ordelag.

- Jau, russen var delt på midten i den konstituerande fasen, men det gjekk seg greitt til. Etterpå har det stort sett vore solskin om bord.

På spørsmål om årets russekull er verre eller betre enn føregående kull, avventar han ei nærmere avklaring av spørsmålet. Bjarte er ein som ikkje berre kastar utav seg ei vurdering slik utan vidare. Men etter å ha tenkt seg om kjem han fram til at dei matcha fjorårets kull. Og etter heilt å kasta over bord det objektivt-analytiske får han endeleg fram det undersåttane hans truleg lengtar etter å høyra:

- Nei, altså, årets russ har faktisk vore flinkare enn tidlegare. Me har klart å markera oss på ein positiv måte.

Mest inntektsgivende arrangement:

1. Misjonsløpet fikk inn kr.300.000,-
2. Basaren fekk inn kr.120.000,-

Den endelige summen er uviss, den stiger fortsatt pr 12.05.11. Målet er kr.490.000. Den endelige summen blir offentliggjort på avslutningsfesten.

Misjonsprosjektet:

1. "Hjelp til bedre helse," Ginir Hospital: Utruste og heve kompetansen blant ansatte.

Styrking av administrasjonen ved sykehuset, bl.a. ved å innføre gode rutiner for økonomi og administrasjon.

Prosjektet arbeider også med rådgivning og forebyggende arbeid når det gjelder hiv/aids.

2. "Hjelp til bedre helse," Jinka Zonal Hospital:

Utruste og heve kompetansen blant de ansatte og drift av kirurgisk avdeling og fødeavdeling.

Støtte til forebygging og kontroll i forhold til hiv/aids.

3. "Helseprosjekt," Omo Rate:

Fokus på skadelige skikker som omskjæring av kvinner, barneekteskap og skadelige og tradisjonelle behandlingsmetoder.

Russetida er tradisjonelt ei tid for romantikk, og som ein ekstrasørvis til realfagsentusiastane på huset, bed me presidenten om ei nærmare talfesting av denne trenden. For kor mange kjærastepar har det eigentleg kome ut av russetida dette året? Men, her finn ein fort ut at romantikk-barometeret syner flau bris og lågtrykk:

- Nei... eit par eller to kanskje, seier han som skal ha oversikten over det meste, etter litt mas. Noko fortel meg at statistikken ikkje er heilt klar for direkteoverføring til SSB. Og sjølv om det høver med ei førstedame for ein president, må Bjarte vedgå at også for eigen del har det vore lite med tid til den slags. Slik er det med den saka.

Me skifter tema utan dei store protestane, og avtroppande president Foseide kjenner seg ikkje råka av kritikken som går ut på at russen sløser vekk blankpoleringa av vitnemålet til fordel for vas med kurs for gløymeboka snarare enn karakterboka. For eigen del har han funne ein balanse som også har tillate eit fagleg fokus.

- Men det er klart det er eitt av dei punkta der ein må tenkja seg om før ein seier ja til å stilla som president. Eg fann ut at om eg heiv litt ekstra innsats i skulearbeidet dette året, så ville det gå. Det har vist seg å stemma. Karaktermessig er han i rute, og nøgd med resultata. Men han ser problemet, og seier at det er ekstra utfordrande å setja seg til med bøker og fag når russelivet slår inn med full tyngd.

Oppslutninga om arrangementa i år er han stornøgd med. Han er takksam for ein kjempeinnsats som er lagt ned av mange, både av styret og dei andre i den raude armeen. Russestyret fortener skrøyt:

- Dei har vore fantastiske til å organisera, og samarbeid har vore heilt avgjerande for alle dei vellukka arrangementa som har vore i år, understrekar han og framhevar Grand Prix-arrangementet som eit høgdepunkt.

- Det var ikkje GP som gav dei største inntektene, men likevel... Her fekk han oppleva litt av magien i ein god organisasjon; dette at ein sit og fordeler alt det som gjera må, og så skjer det faktisk, alle tek sin bit, alt vert gjort. Ein liten kunstpause, eit smil over gode minne.

- Slike gjer meg stolt, rett og slett, slår han fast, og berre overflatisk menneskekunnskap trengst for å sjå at det kjem rett frå hjarta.

Flott når ein er stolt og alt det der, men sjølv ikkje presidenten kan vel vera blind for eksistensen av dei noko mindre flatterande sider av russelivsstilen? Har han følt det ubehageleg å stå ansvarleg når russen nyttar eit litt for utvida kreativitetssomgrep?

- Vel, ein er jo den som må svara både for ting russen her gjer, men også for ting dei kunne ha gjort. Det er jo eg som har fått dei oppskjørt telefonane, også når det ikkje er tryggheimruss som har hatt litt for fikse idear,



seier han og dreg til minnes ein ublid episode med vareflytting på Mega.

- Det der var altså ikkje oss. Det er jo kjipt når ein får allslags skuldingar, men samstundes er det ein del av jobben å ta støyten, og det går greitt.

Eg har vanskar med å sjå kva som kan bringa nordvestlendingen ut av likevekt, men prøver likevel. For er ikkje eigentleg russepresidentembetet berre godt forkledd latskap, Bjarte? Eg har nemleg hørt ein vert president for å sleppa å gjera noko. Ein harkar opp nokre visdomsord, raskar saman eit styre, fordeler oppgåvane og legg beina på bordet. Ein og annan sur telefon i mai månad, men elles god utsikt til dei som faktisk gjer jobben.

- Nei, her er du nok feilinformert. Den som gjer aller minst er nemleg visepresidenten, la det vera sagt. (Den som vil vera høgt i systemet med låg puls bør altså sikta seg inn på denne rolla, merk deg det, du som no går i andre.)

Presidenten sjølv meiner han utretta ein del, men er også blitt god på delegering dette året. Likevel. Det er ikke berre å sprada ikring med det gullkanta presidentemblemet, altså. Det er ein god del jobb også.

Kva planar har du vidare? No er du snart russepresjonist, ein epoke er avslutta etc, etc. Men russens AFP ordningar har vel framleis ikkje nådd eit nivå der feriehus i Spania og bingospeling er det som ventar når rauddressen finn sin permanente parkeringsplass inst i klesskapet?

- Planen var klar, den, det var NTNU og petroleumsstudiar som skulle bli neste stopp inntil for eit par dagar sidan.

Men så var det ein viss sesjon, og vips, så har Bjarte heilt andre utfordringar til hausten. Først var det litt kjapt å måtta endra planane, men no ser han at det kan ha sine fordeler, når han berre har fått tenkt litt på det.

Slik sett sluttar intervjuet det det tok til, han Bjarte Foseide, snart eks-president, er ein kompatibel kar som tek det meste med fatning. Gode eigenskapar, også når han ikkje lenger har ein liten raud republikk å styra over.

Sofie Braut

Tryggheimkalender

Fredag 10. juni:

Avslutningsfest. Taler Lars Johan Danielsen.

13.-14. august:

Elevstevne

Lørdag 20. august:

Første skoledag og åpningsfest.

Vissste du at...



Johannes Vedelden (AF 96-99) og Maria Lunde Gilje giftet seg 26. juni 2010
Janne Gravdal (AF 90-93 og vikarlærer i tysk i flere perioder) og Sverre Tjåland giftet seg 30. desember 2010
Lars Magne Grødem (BY/TØ 04-06) og Else Marie Frafjord giftet seg 26. mars
Annbjørg Medhaug (AF 05-08) og Øyvind Østbø giftet seg 16. april
Hanne Slyk (HS/HP 05-07) og Morten Nordbrønd giftet seg 16. april

På kvinnedagen, 8. mars, var Oline Lothe Hesselberg (AF 98-01) gjest hos Ole Torp i NRK-programmet Aktuelt. Oline er den sykepleieren og tillitsvalgte som varslet om forholdene ved Ammerudlunden sykehjem som var drevet av Adecco, og som utløste det som nå har blitt kjent i nyhetene som "Adecco-skandalen".

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåelser og vel utført arbeid!

Samtidig vil vi minne leserne våre om at dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, må dere gi oss melding om det. Send en e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Vi tar også gjerne med opplysninger om tidligere elever som har begynt i en bestemt stilling, reist ut i misjonstjeneste eller utrettet noe spesielt. Tips oss!

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Bjørg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr. år.

Postgiro: 7877.06.52293

Trykk: Lura Trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Ledige plassar på Helse- og sosialfag!

Det er jamnt over god søknad til Tryggheim for neste skuleår.

På Vg1 Helse- og sosialfag har vi framleis nokre få ledige plassar.

Ta kontakt med skulen om du er interessert!

Tlf: 51 79 80 00. Epost: post@tryggheim.no.

Har du valgt riktig bank?

Gjennom samarbeidet i KNIF (Kristen Norges innkjøpsfellesskap) har svært mange kristne organisasjoner valgt Sparebanken Pluss som sin samarbeidspartner.

Vi kan være din personlige lokalbank.....verden rundt.

Våre fordeler er bl.a. konkurransedyktige priser, personlig kontaktperson og rask beslutningsvei.

Ta kontakt på www.sparebankenpluss.no eller telefon 38 17 35 00, så forteller vi mer om hvordan vi kan bli din lokalbank.



Tryggheim Ungdomsskule


Babbel i Babel

To veker før påske var 9. klasse på Tryggheim ungdomsskule opptatt med heilt andre ting enn samfunnssfag og matematikk. Då var timeplanen rydda for å gje plass til den årlege revyen! I år var det stykket "Babbel i Babel" som vart førebudd og framført, ei teateroppsetjing som er bygd på historia om tårnet i Babel, og er skriven av lærar Sigurd Idland. Elevane var delte inn i ulike grupper, der nokre øvde inn sjølve skodespelet, andre styrte teknikken, nokre lagde kostymar og rekvisittar, nokre spelte og song, medan andre var scenearbeidrarar. Premieren for foreldre og vener var 6. april, medan ca 300 elevar frå naboskular kom og såg skuleførestillingane 7. april.

Sigurd Idland



Her er heile gjengen på 9. trinn samla etter tre vellykka førestillingar.



Midt i byggjinga av Babels tårn blei det
og tid til å forelsa seg. Bilete er frå eine
førestillingen



Her er nokre av dei som sleit og bygde
på Babels tårn i førestillinga

Politikk, takk!



Han er enno berre 8.-klassing, men Olaus Trygve Bjuland drøymer allereie om å bli heiltidspolitikar. Då passa det greitt å leggja vinterferien til Stortinget.

- Eg har store ambisjonar. Men før eg kjem så langt som til Stortinget må eg nok gå vegn om kommunestyre og fylkesting, erkjenner Olaus, og legg til at det naturlegvis er opp til veljarane om dette skal vera oppnæaleg. Partiet er for han sjølv sagt: KrFU. Første mål på vegn til den politiske stjernehimmelen er allereie nådd, ettersom han no er vald inn som vararepresentant i fylkesstyret. Frå før av er han styremedlem i Hå KrFU og det som vert kalla studieleiar i lokallaget.

- Eg set opp tema for styremøta. Me brukar mykje tid på å drøfta politiske saker som er oppe i nyheitene, fortel han.

På audiens hos Høybråten

Den politiske interessa vart vekt allereie på barneskulen. I forkant av stortingsvalet i 2009 skulle klassen arbeida i grupper for å diskutera politikk.

- Då fekk eg kunnskap om det, og sidan har eg hatt det i blodet. Eg har delteke på mange møter, konferansar og fylkesårsmøte, og har møtt mange av dei meir kjende politikarane i partiet der. Slikt gir berre endå meir motivasjon.

I vinterferien besøkte han og familien Dagfinn Høybråten på Stortinget.

- Eg har møtt han tre gonger før, og ei av gongene sa han at dersom eg og familien min nokon gong skulle til Oslo, måtte me ta kontakt, så skulle me få omvisning. Så det gjorde me.

Politikk i dei fleste fag

Olaus har mange hjartesaker. Friskulesaka er ei av dei.

- Eg brenn for valfridom i skulen, og for friskular som Jærtun og Tryggheim. Også trusfridomen får større spelrom der. Sjølv har eg aldri vurdert noko anna enn Tryggheim. Skulen har hatt veldig mykje å seie for meg, seier han. Olaus nyttar også skulen til å dela ut kulepennar og stressballar med KrF-logo.

- Eg dreg også nytte av det politiske engasjementet i fagleg samanheng. I framføringer tek eg med kunnskap og dreg nytte av debattskulering. I norsk kan eg bruka mange nye framandord og forstår meir av det eg les, i forhold til naturfag har eg fått meir kunnskap om ultralyd, og i samfunnssfag er politikk ein del av pensum. Det er vel kanskje berre i mattetimane eg ikkje får nytte for politikken, smiler han.

8.-klassingen har ikkje tenkt å leggje politikken på hylla med det første.

- Tida vil vise om politikken blir yrke eller fritidsengasjement for meg. Engasjement blir det i alle fall, lover Olaus Trygve Bjuland.

Knut Reier Indrebø